



Sunnfjord  
kommune

# Årsplan 2023–2026

## Ytre Hafstad barnehage

Revidert januar 2024



## Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Verdigrunnlag og pedagogiske prioriteringar .....	5
Overgangar.....	10
Primærkontakt .....	11
Samarbeid .....	12
Tidleg innsats og ekstra hjelp og støtte .....	13
Vurdering .....	14
Satsingsområder for barnehagen 2024–2026 .....	15
Årshjul for Ytre Hafstad barnehage 2024.....	20

## Einingsleiar har ordet

Dei aller fleste barn er i barnehage store deler av dagen. Barnehage er såleis ein viktig del av barndommen, og som tilsette har vi eit stort ansvar for å skape ein god barndom for kvar einskild.



Grunnlaget for livslang læring vert lagt i dei tidlege barneåra, og lov og rammeplan stiller krav til oss om arbeid for læring og utvikling. Noko av det viktigaste dei yngste barna lærer handlar om kjensler, om å forstå egne reaksjonar og behov, og etter kvart lære å regulere desse. Vidare er språk og sosiale ferdigheiter ein sentral del av læringa i førskulealder. Barn lærer ikkje åleine. Barn lærer i relasjon med vaksne og barn dei kjenner seg trygg saman med.

Det å vere barn i ei barnehageavdeling er ei kjelde til glede og moglegheiter. Andre å leike, le og tøyse med. Fellesskap. Lære av kvarandre. Opplevingar og aktivitetar.

Samstundes kan det vere krevjande å vere barn i gruppe. Tilpasse seg, dele, vente. Andre som vil noko heilt anna enn du sjølv. Bli trygg på alt og alle rundt seg.

Tilsette i barnehage må nytte empati, kunnskap og kompetanse, og leie barn og gruppa slik at alle opplever glede i barnehagekvardagen, og får utfalde seg og lære. Vidare må vi ha god kjennskap til kvart barn. Vi må ha oversikt og innsikt i det som skjer mellom barna, slik at alle får støtte i det som kan kjennest vanskeleg.

Årsplan for barnehagen er eit arbeidsdokument som vi styre verksemda etter, og synleggjer vårt arbeid med å skape god barndom og grunnlag for livslang læring.

Planen skal gje foreldre innsikt i kva barnehagen står for, og i grove trekk syne kva tilbud barna får. Årsplan vert handsama i samarbeidsutvalet (SU), og foreldre kan påverke innhaldet, m.a. gjennom representantane i SU. Planen skal også gje eit grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen.

Årsplan er ein fireårsplan, men vil bli revidert kvart år. Særleg er det punkt om satsingsområde og årshjul som vert årleg oppdatert.

Eg ynskjer barn, foreldre og tilsette eit godt år i Ytre Hafstad barnehage!

**Jorunn Liv Kleiven**  
**Einingsleiar**  
**Ytre Hafstad barnehage**

## Presentasjon av barnehagen

### Visjon for barnehagen

Saman blir vi drivande gode!



### Om barnehagen

Ytre Hafstad barnehage er plassert under Hafstadfjellet, med Kulpen og Halbrendsfossen som nærmaste nabo. Barnehagen har lett tilkomst til naturen. Skogen er ein kort spasertur unna, og leikeplassane i området blir ofte nytta som turmål. Flatene skule er like ved barnehagen, og det er kort veg til kulturtilbod i Førde sentrum. Hafstadfjellet er rett bak barnehagen, og kvar vår tar vi førskulebarna med på tur til toppen av fjellet.

Ytre Hafstad barnehage opna i august 2010. Barnehagen har fire avdelingar. Avdelingane har namn etter nærområdet vårt.

- Fossen: småbarnsavdeling
- Kulpen: aldersblanda avdeling med barn frå 1-4 år
- Fjellet: aldersblanda avdeling med barn frå 2-4 år
- Skogen: førskuleavdeling for barna som går siste året i barnehagen

På Skogen møtest dei eldste barna frå Kulpen og Fjellet til ei felles avdeling siste året før skulestart. Barna får såleis bli godt kjende med kvarandre før dei tek til på skulen.

I personalgruppa har vi kvinner og menn, og vi har tilsette frå ulike aldersgrupper. Vi har både barnehagelærarar, fagarbeidarar og assistentar i personalgruppa. Barnehagen har tilsette med spesialpedagogisk kompetanse, og også tilsette med annan pedagogisk bakgrunn.


Personalet ynskjer å skape ein god kvardag for kvart einskild barn. Med open dialog og konstruktive innspel kan vi saman forme ein barnehage der alle trivst.




## Verdigrunnlag og pedagogiske prioriteringar


«Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i praksis.» (Rammeplan for barnehagen s 38)

### Omsorg, leik og læring



Saman blir vi drivande gode





## Sosial kompetanse og psykososialt barnehagemiljø

- nytte COS (Cirkel of security - Tryggleikssirkelen) i arbeidet med å forstå og tolke barn sine signal og støtte deira behov
- arbeide for å skape nære relasjonar, inkluderande miljø og fellesskapskjensle
- støtte og utvikle barna si evne til å hevde egne meiningar, empati, omtanke, lytte, tilpasse seg andre sine innspel og inngå kompromiss
- hjelpe barna å regulere egne impulsar, og utvikle evne til å løyse konflikter konstruktivt
- autoritative vaksne som skapar trygge rammer og set grenser på ein venleg og omtensksam måte
- nytte relasjonskartlegging (etter modell frå Kari Pape)

## Språk

- barna skal få vere i positiv dialog med vaksne kvar dag
- personalet nyttar språket aktivt og er gode språklege modellar i leik og kvardagsaktivitetar
- personalet set ord på gjenstandar og handlingar når vi er i samspel med barna
- barna skal få varierte erfaringar og assosiasjonar som skaper grunnlag for god ordforståing
- barna skal jamleg få delta i høgtlesing, rim, regler, song og språkstimulerande spel
- bana skal få språklege utfordringar i samsvar med egne føresetnadar
- nytte «Grip omgrepa» og/eller «Dialogisk lesing» med dei eldste barna
- barn frå og med 3 år får kartlagt si språkutvikling ved hjelp av TRAS (Tidleg registrering av språk)

## Mangfald og likeverd

- fremje likeverd og forståing for kvarandre
- fremje stoltheit og glede over både norsk og fleirkulturell identitet: nytte flagg, globus, lære å seie enkle ord og/el telje på dei ulike språka til barn og vaksne i gruppa, nytte eventyr, songar, leikar frå ulike land, matrettar, lære om natur og klima i ulike land
- markere viktige merkedagar og høgtider til alle barn i barnehagen
- ha god dialog med foreldre for å få informasjon om kva som er viktige merkedagar og høgtider for dei enkelte, samt kva foreldre synest er positivt å trekke fram frå eigen kultur av eventyr, musikk m.m.
- fremje forståing for likskap i grunnleggande verdier på tvers av kulturar
- markere samefolkets dag og FN-dagen
- samarbeide med SU om tiltak for å bli kjente og danne trygge, stabile nettverk for foreldre og barn



## Barn sin medverknad

- open dialog med barna, lytte til og observere barna, bruke empati og forsøke å forstå kva barna ynskjer
- hjelpe barna å få til god dialog, der alle får fremje sine meiningar, blir lytta til og får vere med å påverke i leik og samspel
- prøve å innfri ynskjer frå barna, og dersom vi svarar nei må vi grunngje kvifor
- hjelpe barna å finne alternativ når dei gjer noko som ikkje er akseptabelt
- barna får vere med å ta avgjerder i kvardagen
- ta omsyn til barna sine interesser, evner og kunnskap når det vert lagt planar for temaarbeid, samlingar og aktivitetar
- trivselssamtaler med 4-5 åringane ein gong kvart år

## Fysisk aktivitet og helse

- uteleik for alle barn på stor avdeling kvar dag, uteleik for alle på småbarnsavdeling kvar dag når ver og sovetider tillet det
- turdag for alle barn minimum annakvar veke
- legge til rette for og motivere barna til leik og aktivitetar som inneber fysisk aktivitet kvar dag
- personalet må vere gode modellar som deltek i fysisk aktiv leik saman med barna
- bruk av dans og Røris både inne og ute
- servere sunn mat med grovt brød og knekkebrød, variert utval av pålegg og tilbod om grønnsaker til kvart måltid
- tre måltid per dag: frukost, lunsj og fruktmåltid
- variasjon med graut og gryn 2-3 gongar for veka
- varmt måltid 1-2 gongar per måned



## Overgangar

### Barnet begynne i barnehagen

- informasjonsmøte for alle nye foreldre før oppstart
- besøk for nye barn med foreldre før oppstart
- alle barn får ein primærkontakt som har hovudomsorga den første tida
- organisere avdelinga slik at det blir mest mogeleg ro og oversikt for dei nye barna
- foreldre og tilsette utvekslar informasjon om barn og barnehagen
- nye barn er ekstra sårbare; personalet må syne empati og nytte kunnskap frå COS i arbeidet med å forstå og tolke barn sine signal
- barna må få høve til å syne kjensler, og tilsette må gje trøyst og setje ord på kjenslene i lag med barna
- stabil dagsrytme som hjelp barna å få oversikt over dagen
- hjelpe barna å bli kjende og etablere relasjon med andre barn
- nybegynnersamtale så tidleg som mogeleg etter oppstart

### Barnet byter avdeling

- dialog med foreldre om ynskjer og synspunkt om overgang til ny avdeling
- grupper for nytt barnehageår vert drøfta i leiarteam
- overføringsmøter mellom pedagogisk leiar på avdelinga barna flyttar til og pedagog på ny avdeling
- for barn med IOP (Individuell opplæringsplan); - pedagogisk leiar på ny avdeling er med på IOP-møte våren før barnet byter avdeling
- besøk på ny avdeling saman med ein trygg vaksen ein gong for veka i 3-4 veker i mai/juni
- før overgang frå småbarnsavdeling til stor-/aldersblanda avdeling blir barn og foreldre inviterte til eit besøk på ny avdeling

### Barnet begynne på skulen

- besøk på skulen våren før skulestart
- overføre skriftleg informasjon om alle førskulebarna frå barnehage til skule, i samråd med foreldre
- for barn med behov for ekstra hjelp og støtte; skriftleg informasjon og overføringsmøter, i samråd med foreldre
- nytte skulestartmateriale «Frode-Laks» som støtte til å skape ei kjend ramme for barna i overgang mellom barnehage og skule
- skule og skulestart blir arbeida med som eige tema på førskuleavdelinga i mai/juni

## Primærkontakt

Alle barn har ein primærkontakt. Primærkontakt har hovudomsorga den første tida i barnehagen (jf rutine for tilvenning), og har vidare eit særleg ansvar for primærbarna gjennom barnehageåra.

Det kan bli gjort endringar i fordelinga av primærkontakt – primærbarn etter kvart som vi blir kjende med barna og gruppa sine behov, ved byte av avdeling, samt ved langtidsfråvær i personalet.

Foreldre skal få informasjon om kven som er primærkontakt for sitt barn før/ved oppstart, og ved byte av primærkontakt.

Pedagogisk leiar organiserer avdelinga slik at primærkontakt får mest mogeleg tid saman med primærbarna.

### Primærkontakt har særleg ansvar for

#### Når barnet begynne i barnehagen:

- ta imot om morgonen så langt som mogleg, særleg dei første dagane
- gje informasjon om avdelinga og barnehagen, ta imot og etterspør informasjon om barnet, og vidareformidle informasjon til dei andre tilsette på avdelinga
- etablerer relasjon med barnet og foreldre, og hjelpe barnet til å bli trygg og kjend med andre barn
- gje råd og støtte til foreldre når avskjed blir vanskeleg, i samarbeid med pedagogisk leiar
- har så langt som mogeleg ansvar for barnet i sårbare situasjonar, som avskjed, legging og bleieskift, fram til barnet har blitt godt kjend med andre tilsette på avdelinga

#### Gjennom heile barnehagetida:

- oppretthalde ein nær og god relasjon med barn og foreldre
- primærkontakt skal vere i dialog med sine primærbarn kvar dag
- primærkontakt skal observere og ha oversikt over korleis primærbarna leikar og trivest i leiken
- primærkontakt har særleg ansvar for å gje den hjelp og støtte primærbarna treng for å vere i leik og positivt samspel med andre barn kvar dag
- kartleggingsperiodar der kvar tilsett kartlegg kontakt med sine primærbarn
- refleksjon knytt til primærkontakt si rolle og relasjon til primærbarn på avdelingsmøter
- barna skal få vikarierende primærkontakt ved fråvær i personalet ut over 14 dagar

## Samarbeid

### Samarbeid internt i barnehagen

- personale på ulike avdelingar samt administrasjonen hjelp kvarandre, deler materiell og gode idear, og syner forståing og toleranse kvarandre
- personalet skal nytte ein god ytrings- og tilbakemeldingskultur (jf forventingsavklaring om tilbakemeldingskultur). Kritikkk og konstruktive tilbakemeldingar skal bli gjeve til den det gjeld, og/eller ein tar det opp med leiing, verneombod eller tillitsvalt
- alle tilsette har ansvar for at alle skal føle seg inkludert, spreie glede og positiv stemning og framsnakke kvarandre
- vidareformidle viktig informasjon til andre tilsette på avdelinga og til leiinga
- morgonmøte for informasjon og avklaringar
- komitear med ein representant frå kvar avdeling planlegg felles arrangement
- avdelingsmøter, leiarmøte, trepartsmøter, personalmøte og planleggingsdagar

### Samarbeid med heimen

- tilbodet til barna skal utarbeidast i samarbeid og forståing med heimen (jf Lov om barnehagar §1 og Rammeplan for barnehagen kap 5)
- vere høflege og imøtekommande og vise kvarandre respekt
- ta omsyn til foreldra sine verdival, vere opne for tilbakemeldingar, og handtere ynskje om endringar på ein positiv måte
- personalet har teieplikt og sensitiv informasjon vert berre formidla til tilsette som treng det
- foreldre og personale må gje kvarandre god og naudsynt informasjon
  - konkret og positiv informasjon om barna ved levering og henting
  - om barn som har skada seg eller har vore i større konflikter
  - vere bevisst korleis vi formidlar informasjon om negative hendingar, slik at vi skånar barna for unødig kjensle av nederlag
  - tidleg dialog mellom heim og barnehage når det er uro for barn si utvikling, trivsel, omsorgssituasjon eller hendingar som kan påverke barnet
  - jamleg informasjon om tiltak og utvikling for barn med særlege behov
  - om primærkontakt
  - om endringar i personalgruppa, nye vikarar, elevar og studentar
- når foreldre ikkje bur saman; - begge foreldre skal få informasjon
- tilbod om foreldresamtale to gonger per år, samt ved behov
- foreldremøte kvar haust, og for nye foreldre kvar vår
- samarbeidsutval og foreldreråd





## Samarbeid med eksterne instansar

PPT (Pedagogisk psykologisk tenestekontor) og kompetanseteam:

- ved behov for rettleiing til personale og/eller foreldre, kartlegging eller særleg tilrettelegging, kan vi i samråd med foreldre søkje hjelp hos PPT og/eller kompetanseteam ved PPT. PPT kartlegg barnet sine vanskar og behov, og kjem med råd om tiltak
- kompetanseteamet har spesialpedagogar, migrasjonspedagog, logoped og foreldrerådgjever

Barnevernet er ein samarbeidsinstans for foreldre og barnehage og kan m.a.

- gje tilbod om foreldrerådgeving, avlastning i besøksheim, støttekontakt, tilbod om aktivitetar i fritid/ferie
- drive tverrfagleg samarbeid og bidra til at barna sine interesser vert ivaretatt i barnehagen og hjå andre instansar

Andre samarbeidspartar for barnehagen er helsestasjon, kommunefysioterapeut, BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) og HABU (Habilitering for barn og unge).

## Tidleg innsats og ekstra hjelp og støtte

Barnehagen arbeider for å gje gode føresetnadar for utvikling og førebyggje vanskar

- dele i små grupper store deler av dagen. Små grupper skaper grunnlag for trygge relasjonar, oversikt og innsikt
- gje emosjonell støtte, og systematisk arbeid med språkstimulering, sosial kompetanse og psykososialt miljø
- utvikle og dele kunnskap og kompetanse om førebygging, kartlegging og handtering av utfordringar

Barnehagen nyttar ulike metodar for observasjon og kartlegging, mellom anna:

- løpande protokoll, sosiogram og logg
- TRAS; Tidleg registrering av språk (for alle barn frå dei har fylt tre år)
- «Askeladden» språkscreening
- «Fokus på tidleg innsats»; kartleggings- og læringsressurs ved vanskar med konsentrasjon og merksemd (Statped, Statlig spesialpedagogisk teneste)
- SEPU-pedagogisk anlayse (Høgskulen i Innlandet)

Når vi er urolege for eit barn si utvikling drøftar vi med foreldre, og personalet set i verk tiltak. Vi har ulike fora der vi kan drøfte utfordringar og vurdere tiltak:

- foreldresamtaler
- avdelingsmøter
- ressursmøter; pedagogisk leiar på avdelinga til barnet, styrar og assisterande styrar/spesialpedagog
- drøftingsmøte med kompetanseteam/PPT (etter samtykke frå foreldre)
- tverrfagleg team; fagpersonar frå kommunen og spesialhelsetenesta (etter samtykke frå foreldre)

Mange tiltak blir iverksett i grupper, t.d. i språkgrupper og/eller leikegrupper saman med andre barn. Innhaldet i gruppene skal vere eit positivt tilbod til alle barna som deltek.

Felles rutiner for barnehagane i Sunnfjord kommune er nedfelt i [Handbok i tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialpedagogikk](#)

Krenkingar og mobbing:

- Dersom barn opplever krenkingar som t.d. utestenging, mobbing, vald eller diskriminering har barnehagen ei aktivitetsplikt i samsvar med § 41-43 i barnehagelova. Felles rutinar for barnehagane i Sunnfjord er under utarbeiding.

Foreldrerådgjeving:

- Barnehagen har tilsette med kompetanse innan foreldrerådgjeving, og kan tilby rådgjeving ved utfordringar med t.d. sinne, uro, syskenkrangel, vanskar med måltid, påkledning, legging el.l. Ta kontakt med personalet om de ynskjer rådgjeving.

BTI - Betre tverrfagleg innsats

- Sunnfjord kommune nyttar BTI som samhandlingsmodell i arbeidet med å gje barn og unge den oppfølging og hjelp dei treng
- [Betre tverrfagleg innsats for barn og unge](#)

## Vurdering

- jamlege vurderingar knytt til barn si utvikling og trivsel
- vurderingar i samband med foreldresamtaler
- vurderingar i samband med relasjonskartlegging
- trivselssamtaler for 4- og 5-åringane ein gong per år
- evaluering av IOP (individuell opplæringsplan)
- evaluering undervegs og i etterkant av temaarbeid
- evaluering knytt til årsplanarbeid
- evaluering i etterkant av arrangement, brannøvingar, planleggingsdagar og satsingar
- risikovurdering
- vurderingar i samband med avvik
- vurderingar i samband med vernerunde
- brukarundersøking annakvart år
- medarbeidarundersøking annakvart år
- vurderingar i samband med medarbeidarsamtalar

## Satsingsområder for barnehagen 2023–2026

«Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege problemstillingar, oppdatere seg og vere tydlege rollemodellar» (Rammeplan for barnehagen s15). Denne delen av årsplanen omfattar planar for utvikling av barnehagen som organisasjon og personalet sin kompetanse.

Plan for satsingsområder er revidert i januar 2024.

### Vi skaper fellesskap gjennom lek

**Mål: Personalet arbeider for å skape gode, inkluderende miljø, og førebygg og handterer krenkande handlingar og haldningar**

#### Utviklingsarbeid

- i samarbeid med HVL (Høgskulen på Vestlandet), finansiert av regionale kompetansemidlar

2024

#### Organisering

- alle tilsette deltek i prosjektet
- styrar leier prosjektet saman med ei prosjektgruppe
- prosjektgruppa er samansett av ein tilsett per avdeling, alle faggrupper (pedagogar, fagarbeidarar og assistentar) er representert
- Dag Skram og Hilde Alme ved HVL er prosjektrettleiar

Ansvar: styrar saman med prosjektgruppa



#### Kjernekomponentar

- leiken sin eigenverdi og funksjon
- mediator i lek og korleis vi kan støtte og stimulere til anerkjening, medverknad og inkludering mellom barn i lek
- observasjon
- konfliktløysing
- utforskande barnesamtaler

#### Læringsmetodar

- praktisk øving i arbeidskvardagen knytt til kjernekomponentane, fulgt opp med praksisforteljing, refleksjon, observasjon og rettleiing
- kvar tilsett set individuelle mål for eiga læring og utvikling innanfor arbeidet med kjernekomponentane
- repetisjon av teoristoff (litteratur og filmar) frå nettkurset «Inkluderande barnehagemiljø»
- tilføre nytt fagstoff m.a. ved førelesingar av prosjektrettleiar Dag Skram

#### Prosjektplan

- [Prosjektplan «Vi skaper fellesskap gjennom lek»](#)

## Grenser for eigen og andre sin kropp

**Mål:** Personalet skal utvikle sin kompetanse til å snakke med barn om kropp, og grenser for eigen og andre sin kropp

Personalet skal bli kjend med litteratur og nettressursar som vi kan nytte for å førebygge overgrep

«Hele meg. Om kropp og grenser i barnehagen» (Fagbokforlaget).  
«Salaby. Jeg vet» (Bufdir)  
«Hjartesamling» (NOK)

Skape gode rammer for samtaler om kropp

- vurdere verktøya saman på leiarmøte, og drøfte korleis vi kan nytte det med barna
- pedagogane på stor avdeling nyttar «Salaby. Jeg vet», «Hjatesamling» eller «Hele meg» som ein del av temabolken «Meg sjølv ilag med andre»
- erfaringsutveksling, råd og rettleiing
- refleksjon og bevisstgjerings knytt til å sjå barn sine signal, og fylgje opp barn sine utsagn
- arbeide med temaet i små barnegrupper, setje av god tid og nytte anerkjennande og open dialog
- vere merksam på barna sine uttrykk og reaksjonar
- gje barna høve for oppfølgingsamtaler
- vere trygge vaksne som fylgjer opp og er merksam på barn sine signal og utsagn

2024

Ansvar:  
Styrar

Pedagogisk leiar

Alle tilsette

Pedagogisk leiar

Alle tilsette

## Betre tverrfagleg innsats (BTI)

**Mål:** Pedagogane i barnehagen skal lære å bruke BTI-modellen. Alle tilsette skal får kjennskap til modellen.

Barn med behov for særleg hjelp og støtte skal få tidleg og god hjelp tilpassa sine behov

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

- opplæring på leiarmøte
- informasjon til alle tilsette om modellen
- ta i bruk modellen i ressursmøter
- øve oss i å bruke modellen, og drøfte modellen på aktuelle møter

2024

Ansvar:  
Styrar

Pedagogisk leiar/styrar/  
spesialpedagog



Saman blir vi drivande gode



## Dialogisk lesing

**Mål:** Personalet nyttar «Dialogisk lesing» som metode i systematisk språkarbeid

### Utvikle bokhefter

- Avdelingane vel ei bok/forteljing kvar som vi saman, i grupper, utarbeider bokhefter for
- Alle bokhefter som vert laga, blir lagra i felles mappe slik at alle i barnehagen har tilgang til dei

2024

Ansvar:  
Styrar/  
ped.leiar

Ped.leiar

### Erfaringsutveksling og opplæring

- Repetisjon av teori om ordlæring og dialogisk lesing på personalmøte
- Erfaringsutveksling på avdelingsmøter, leiarmøte og i rettleiingssamtaler med spesialpedagog

Styrar

Ped.leiar/  
styrar, spesial-  
pedagog

### Praktisk gjennomføring

- Legge til rette for at alle tilsette på avdelinga får nytte metoden
- Metoden skal nyttast på alle avdelingar i samband med tema «Eventyr, forteljing og lek», og tema «Meg sjølv ilag med andre.»

Ped.leiar

## Naturleikeplass

**Mål:**



Opparbeide ein naturleikeplass for samarbeidspartar i nærmiljøet

barnehagen og eventuelle

### Vurdere moglegheiter for å opparbeide ein naturleikeplass

- undersøkje:
  - om det er grunneigarar som vil gje løyve til å disponere aktuelt areal
  - om det er aktuelle partar (skule, grendelag, andre) som er interessert i eit samarbeid
  - moglegheiter for å søkje om midlar/tilskot

2024-2026

Ansvar:  
Samarbeidsutvalet

## Pedagogisk ståstad

**Mål: Repetisjon av teori som er ein sentral del av barnehagen sine arbeidsmåtar og pedagogisk ståstad**

**Konfliktløysingsmetoden ICPS**

- Repetisjon og opplæring på personalmøter og planleggingsdagar
- Utprøving i kvardagen, fulgt opp med erfaringsdeling og refleksjon på møter

2024

**PMTO-teknikkar som reiskap for å få til godt samarbeid med barna**

2024

**Tryggleikssirkelen (COS; Circle of security)**



2025

**Autoritative vaksne**

2025

**Relasjonskompetanse (May Britt Drugeli)**

2026

**Emosjonsretteiing/ «Grensesetting utan drama»**

2026

**Språk og språkutvikling**

2026



## HMS/arbeidsmiljø

**Mål: Personalet er engasjerte, inkluderende og nær. Vi er EIN. Saman blir vi drivande gode!**

- **Alle tilsette kjenner seg velkommen, respektert, inkludert og motivert**
- **Alle tilsette opplever å ha eit trygt fysisk og psykisk arbeidsmiljø**

### Tidspress og organisering av arbeidskvardagen

- Arbeide med utviklingsområder som vart valt av personalet etter medarbeidarundersøking nov 2022
  - Har du for mykje å gjere?
  - Må du gjere ting som du meiner burde vore gjort annleis?
- Nytte «Arbeidsmiljøhjelpen», tema «Tids- og arbeidspress» og «Organisering av arbeidet»

Ansvar:  
Styrrar og  
trepartsgruppa

Jan-juni  
2024

### Ergonomi

- Opplæring v/Avonova

Okt/nov 2024

### Emosjonelt press og psykisk helse

- Ressursar vi kan nytte:
  - «En bra dag på jobb», del 1 «Høye emosjonelle krav»
  - «Arbeidsmiljøhjelpen», tema «Jobbe med mennesker»
  - «BarnehageHMS», tema «Høye emosjonelle krav»

Okt 2024 –  
des 2025

### Medarbeidarundersøking 2024

- Gjennomgang av resultat og prioritering av tiltak
- Oppfølging og iverksetting av tiltak

April 2024  
2025

### Ytrings- og tilbakemeldingskultur

- Repetisjon knytt til arbeid vi har gjort i 2021-22

2025

## Årshjul for Ytre Hafstad barnehage 2024

	Tradisjonar og markeringar	Tema	For foreldre og tilsette	For tilsette
<b>Januar</b>	07.01: Ortodoks jul 18.01 Lysfest	<b>Eventyr, forteljing og leik</b>	Møte i SU  15.01: Søknadsfrist for endra oppholdstid frå nytt barnehageår	29.01.: Planleggingsdag  Sjekkliste TRAS  <a href="#">Etterarbeid brukarundersøking</a>  <a href="#">Gjennomgang rutiner</a>  10.01.: Søknad om styrkingsressurs
<b>Februar</b>	06.02 Samefolkets dag  15.02: Karneval  Morsmålsdagen	<b>Eventyr, forteljing og leik</b>	01.02: Søknadsfrist barnehageplass	Relasjonskartlegging  <a href="#">Risikoanalyse</a>  Medarbeidarsamtaler
<b>Mars</b>	21.03 Persisk nyttår  21.03: Påskefrukost, avdelingsvis	<b>Eventyr, forteljing og leik</b>  <b>Påskeførebuing</b> veke 11 og 12	SU lagar sosialt ettermiddag-/kveldstreff for barn og foreldre, avdelingsvis	Opptak Årsrapport  <a href="#">Arbeidsmiljøundersøking</a>  15.03.: Planleggingsdag  Medarbeidarsamtaler  <a href="#">Etiske retningslinjer</a>
<b>April</b>	10.04: Eid al-Fitr	<b>Byen vår og verda utanfor</b>	Foreldresamtaler Avslutningssamtaler  Møte i SU	Planlegging av nye barnegrupper/avdelingar for 2024-25  <a href="#">Førstehjelpsutstyr; kontroll og påfyll</a>  <a href="#">Brannvernopplæring</a>



	<b>Tradisjonar og markeringar</b>	<b>Tema</b>	<b>For foreldre og tilsette</b>	<b>For tilsette</b>
<b>Mai</b>	17.05; Norges nasjonaldag: barn, foreldre og personale (frivilleg deltaking) går i tog, SU ansvarleg for fana  Førskuletur til Hafstadfjellet	<b>Byen vår og verda utanfor</b>	Foreldresamtaler Avslutnings-samtaler IOP-samtaler  Dugnad	Evaluere IOP vår 2024 og utarbeide ny IOP for haust 2024  Overføring av informasjon til skulen  <a href="#">Brannøving</a>  Sjekkliste TRAS
<b>Juni</b>	Sommarfest; barn, foreldre, personale.  Avskjeds-markering på avdelingane  16.06: Eid al Adha	<b>Avskjed og førebu ny start</b>	Foreldremøte for nye foreldre  Besøk av nye barn med foreldre  Besøk på ny avdeling for barn som byter avdeling	Overføring av informasjon til ny avdeling  10.06.: Planleggingsdag  <a href="#">Tiltakskort risiko</a>
<b>Juli</b>		<b>Sommar-barnehage</b>	Avdelingane blir slått saman i ferieavviklinga	
<b>August</b>		<b>Tilvenning, tryggleik og fellesskap</b>	Tilvenning nye barn  Nybegynnar-samtaler	16.08.: Planleggingsdag  <a href="#">Gjennomgang rutiner</a>  <a href="#">Oppdatere e-postlister</a>  <a href="#">Val av tillitsvalte Fagforbundet, SU, verneombod og sosialkomite</a>

	<b>Tradisjonar og markeringar</b>	<b>Tema</b>	<b>For foreldre og tilsette</b>	<b>For tilsette</b>
<b>September</b>		<b>Tilvenning, tryggleik og fellesskap</b>	Tilvenning nye barn  Nybegynnar-samtaler	Budsjett 2025  Førebels melding til skulen om barn med tilretteleggingsbehov  <a href="#">Førstehjelp; kontroll, påfyll og repetisjon</a>  <a href="#">Info om HMS-handboka</a> <a href="#">Info om HMS-rutine for konflikthandtering</a>
<b>Oktober</b>	24.10: FN-dagen	<b>Meg sjølv ilag med andre</b>	Foreldremøte Foreldresamtaler	Kartlegging kontakt med primærbarn, v 43 og 44  Trivselssamtaler med 4- og 5-åringane  <a href="#">Brannøving</a> <a href="#">Vernerunde</a>  <a href="#">Gjennomgang av avvik</a>
<b>November</b>		<b>Meg sjølv ilag med andre</b>	Foreldresamtaler Møte i SU  SU lagar sosialt ettermiddag-/kveldstreff for barn og foreldre, avdelingsvis	01.11.: Planleggingsdag  Trivselssamtaler med 4- og 5-åringane  <a href="#">Ergonomiopplæring</a>  Evaluere årsplan 2024, årsplanarbeid 2025
<b>Desember</b>	6.12: St Nikolas dag  13.12: Luciafeiring, foreldre til førskulebarna blir invitert  18.12: Nissefest  21.12: Persisk markering av årets lengste natt	<b>Advent og juleførebuing</b>	IOP-samtalar	Evaluere IOP haust 2024, og utarbeide ny IOP for vår 2025  Årsplanarbeid 2025  Årsrapport (Basil)